



Møteboka frå 1958 til 1961 ser truleg slik ut. Her er referatboka frå 1961 og i åra etter.

**Uskedal Ungdomslag har eit mykje godt komplett lagsarkiv med møtebøker, lagsbladet Daltrekk, rekneskapsbøker og viktig brevsfifte, mellom anna frå utmeldinga av Noregs Ungdomslag ved nazifiseringa i 1942. No er det likevel slik at møteboka frå tidsperioden 1958 - 1961 manglar.**

Styret i ungdomslaget bed alle sjå nøye etter om denne møteboka kan vera lagt til sides. Dette gjeld særleg i hus og heimar der ein veit at det har vore aktive ungdomslagsfolk på den tida. Lagsdrifta på slutten av 1950 talet og inn i 1960 talet må reknast som den mest aktive tida i laget si saga.

Årsmeldingane og utfylte skjema er rett nok sikra i arkivet i Noregs Ungdomslag. Kontoret i Oslo er kontakta og det vert arbeidd med å få kopi av det som er sendt inn sentralt i perioden 1958 - 1961.

***Dersom nokon kjem over denne møteboka eller veit kor boka kan vera, bed ungdomslaget om at ein tek kontakt med Bjørgulv Eik ( 416 21 552 ) eller Kristian Bringedal ( 915 31 487 ).***

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal